



Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Møtested: Teams

Dato: 17.03.2025

Tidspunkt: 11:00 - 15:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Reprenterer
Terese Jemtegård Moen	Leder	FJORD
Mariann Skotte	Nestleder	LESJA
Inger Line Flydal	Medlem	VU-REIN-BRE
Hans Kristian Enge	Medlem	IFK
Morten Kielland	Medlem	SKJÅK
Jan Peter Valde	Medlem	RAUMA
Dordi Boksasp Lerum	Medlem	MRFK

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Reprenterer
Åsta Røhr Kleiven	Medlem	VÅGÅ
Kristian Frisvold	Medlem	LOM

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Reprenterer
Harald Sve Bjørndal	Åsta Røhr Kleiven	VÅGÅ
Ragnhild Sjugard	Kristian Frisvold	LOM

Øvrige frammøtte:

Navn	
Kristine Sørli	Nasjonalparkforvaltar
Mari Melbø Rødstøl	Nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Terese Jemtegård Moen
Sign.

Ragnhild Sjugard
Sign.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 14/2025	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 15/2025	Orienteringar		
ST 16/2025	Referatsaker		
	Innspill - utredning av organisering av verneområdeforvaltere - Nasjonalparkstyret for Reinheimen		2024/13634
	Minimumsteljing 2025		2024/14203
	Reinheimen NP - båndtvangbestemmelsene - 2025 - jaktprøve - Hedmark og Oppland Fuglehundklubb		2025/1560
	Tilbakemelding - Finndalen LVO - snødekt mark - lovleg hogst - utkøyring av tømmer - Finndalsvegen - Sterringen - Selbu - Arild Fallingen		2025/1165
ST 17/2025	Delegerte saker		
DS 6/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorbåt - fiske - Leirungsvatnet - Torsvatnet - Rune Tomter		2025/157
DS 7/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - motorbåt - barmark - snødekt mark - transport av materialer for vedlikehold - Olov Belander - Cathrine Reimers		2024/13417
DS 8/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Lordalen LVO - snødekt mark - transport til beitebuer - utkjøring av saltstein - Lordalen beitelag		2025/1041
DS 9/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - motorferdsel - 2025 - 2027 - snødekt mark - Skjåk Røde Kors Hjelpekorps		2024/13682
DS 10/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Lordalen LVO - snødekt mark - ettersyn og transport av utstyr til utleiebu - Søre Grønvatnet - Lesja Jeger- og Fiskerforening		2024/14006
DS 11/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - snødekt mark - transport av ved - Knutbrenna - Herrahøtjønning - Lesjaskog Heimrast		2025/1891
ST 18/2025	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Årsrapport 2024		2025/3154
ST 19/2025	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - midler til tiltak - driftsmidler - 2025		2024/12773
ST 20/2025	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - transport av garnkasse - Nysetra - Krokuttjønn - Geir Kornkveen		2025/1044

ST 21/2025	Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - snødekt mark - oppretting av langrennstrase - Nysætri - Nordmo grendeutvalg	2025/2000
ST 22/2025	Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - 2029 - jervbås vidareføring og tilsyn - Marius Kornkveen	2025/496
ST 23/2025	Finndalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - 2030 - snødekt mark - tilsyn av jervbås - fylling på åte - Lauvli - Arild Fallingen - Arild Svare	2025/155
ST 24/2025	Romsdalen LVO - klage - avslag - 2024 - oppføring av telekommunikasjonsmast med tilhørende utstyrshytte - 70/2 - Lyse Tele AS	2024/8244

ST 14/2025 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 17.03.2025

Vedtak

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Ragnhild Sjugard vart vald til å signere protokollen saman med styreleiar.

ST 15/2025 Orienteringar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 17.03.2025

Behandling

Scenarioanalyser villrein for Brøstdalen /Puttbudalen - NINA rapport 2478

- Mari orienterte om resultat og oppfølging av rapporten, og invitasjon til dialogmøte 22.april 2025 med brukararinteresser i Brøstdalen – Puttbudalen.

Utkast til invitasjon ble sendt ut til styre før møtet.

- Harald Sve Bjørndalen foreslo at beitebruksinteressane i Brøstdalen også blir invitert til dialogmøte 22.april. Styret støtta forslaget.

Rapport - "Strategi for formidling til brukere av fjellområdene på Bjorli" - rapport utarbeidd av SPOR Natur og Reiseliv AS:

- Mari orienterte om rapporten. Lesja kommune (adm.), forvaltar i Dovrefjell-Sunndalsfjella, og reiselivet v/Anne Cathrine Enstad har vore involvert i prosjektgruppa. Det vart gjennomført ein digital spørjeundersøking blandt hytteeigare på Bjorli, dokumentanalyse av besøksstrategier og besøksundersøkingar samt synfaringar i området. Resultata gir forvaltninga forslag til formidlingsløysningar i Bjorliområdet.

- Mariann poengterte at kommunen blir involvert vidare i arbeidet.

Revisjon forvaltningsplan

- Kristine orienterte om bakgrunn og status i arbeidet med revisjon av forvaltningsplan for Reinheimen. Arbeidet starta opp i 2023 men har stått relativt roleg det siste året. Etter kommunevalet fekk politisk leiing i kommunane tilbod om å få ei orientering i kommunestyre/formannskap/utval om Reinheimen og revisjon av forvaltningsplan. Det vart gjennomført møte i Lom, Vågå, Fjord og Lesja. Orienteringsmøte i Skjåk vart utsett og Rauma kommune har ikkje gjeve attendemelding.

Framdriftsplan for revisjonsarbeidet er justert. Det er lagt ut informasjon om revisjonsarbeidet på nettsida til styret: [Nasjonalparkstyre | Revisjon - Forvaltningsplan for Reinheimen og...](#)

Vedtak

Orienteringane vert teke til etterretning.

ST 16/2025 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 17.03.2025

Behandling

Styreleiar foreslo at dei mest relevante dokumenta under referatsaker blir sendt ut på e-post til styremedlemmane i forkant av møtet, slik at det blir høve til å lese innhaldet og ikkje berre tittel på dokumenta.

Forvaltar kunne orientere om at STAFF under Statsforvalteren, arbeider med å få på plass ei innsynsløysning i saksbehandlingssystemet Elements, men foreløpig er det ikkje på plass.

Vedtak

Styret ber om at sekretariatet sender ut relevante referatsaker på e-post til styremedlemmane før styremøta.

Referatsaker vert teke til orientering.

ST 17/2025 Delegerte saker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 17.03.2025

Vedtak

Delegert sak vert teke til orientering.

ST 18/2025 Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Årsrapport 2024

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 17.03.2025

Behandling

Utkast til Årsrapport 2024 vart gjennomgått i møtet, med høve til merknader og innspel frå styret.

Styret kom med merknader på skrivefeil som forvaltar noterte undervegs.

I kap. 2.5 Bruken av verneområde, s. 7, foreslo styret å stryke den første setninga i andre avsnitt, og supplere med følgjande:

Vern med lokal og tradisjonell bruk av naturen med jakt, fiske, tilsyn og landbruk, står i kontrast til vern med allemannsretten og fri tilgang til våre områder. I mange saker har styret vore restriktive til kommersiell bruk av Reinheimen. For å ivareta verneverdiane er det viktig at vernemyndigheita har eit godt samarbeid med dei ulike brukeinteressene og private aktørar i området.

Styret kommenterte at årsrapporten slik den er lagt fram med tekst og bilete er nyttig og ein god oppsummering av arbeidet i Reinheimen.

Innstillinga frå forvaltar med styret sine merknader under behandling av årsrapporten i møtet, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Reinheimen ber om at styret sine merknader og innspel til årsrapporten blir innarbeida i endeleg årsrapport for Reinheimen 2024.

Nasjonalparkstyret ber om at årsrapporten for Reinheimen blir publisert på Nasjonalparkstyret sine nettsider, og vidareformidla til rådgjevande utval, administrativt kontaktutval, kommunane og andre samarbeidsaktørar knytt til Reinheimen.

ST 19/2025 Nasjonalparkstyret for Reinheimen - midler til tiltak - driftsmidler - 2025

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 17.03.2025

Behandling

Morten Kielland fekk ein telefon og deltok ikkje under behandling av saka. Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Nasjonalparkstyret tek tildelte driftsmidler for 2025 til orientering:

- Drift av Nasjonalparkstyret for Reinheimen - kr. 440 000,-
- Grunnstøtte til drift 2025 - kr. 100 000,-

Nasjonalparkstyret for Reinheimen fordeler midler til tiltak for 2025 som i tabellen under:

Pri.	Namn	Kommentar	Beløp (eks.mva)
1	Skjøtsel, Nofence på geit Sterringen i Finndalen Ivo	Vidareføre skjøtsel- og /gjerding for bufe med No Fence på geit, fleirårig avtale	50 000
2	Skjøtsel, Horgheimsetra, Vermedalssetrene, Gravdehaug og Selen i Romsdalen Ivo	Vidareføre skjøtsel- og /gjerding for bufe, No Fence, Slått og rydding, Slått og inngjerding. Fleirårige avtaler	150 000
3	Hovudinnfallsport Billingen	Fullføre og vidareutvikle tilretteleggingstiltak på info.punkt og i området knytt til som natur- og kulturstien. Organisere infrastruktur, som parkering og besøksområder i trå med landskapsplan og kunnskap om bruk og sårbare områder. Vedlikehaldsarbeid på natur- og kulturstig og Stokkebrua. Forprosjekt fotopunkt (tenestekjøp)	500 000
4	Innfallsport Kløvstigen	Fullføre og vidareutvikle informasjonstiltak som naturstiskilt/opplysningsskilt, og gjennomføre nødvendig vedlikehald og sikringstiltak på turstien. Bør samfinansieres med andre aktører i området som kommunen m.fl.	100 000
5	Hovudinnfallsport Trollstigplatået	Avklare opp mot kommune/øvrige aktørar. Etablere eit samarbeid med SVV/ Nasjonal turistveg for å løyse parkeringsutfordringar og vurdere informasjonstiltak for området med normalt høge besøkstal.	110 000
6	Informasjonspunkt Trollveggen	Avvent. Behov for nødvendige avklaringar opp mot kommune/andre aktørar før tildeling. Vurdere supplerande tildeling dersom tiltaket er avklart med lokale aktørar.	0
7	Informasjonspunkt Dønfoss	Avvent. Behov for avklaringar med kommunen, Breheimen og andre lokale aktørar i området. Vurdere tilretteleggingsprosjekt aksene Sota Sæter – Billingen	0
8	Informasjonspunkt Fauttjønn på Slådalen	Skifte ut plakatar på vegg: 2x + 1ny plakatar 1000x700 mm i aluminium, jf. designmanualen. Innhald: 1- Kart og	20 000

		generell info Reinheimen 2- Tema kulturminne/fangstkultur, 3 -villrein	
9	Informasjonspunkt Zakariasdammen	Avklare med DNT-S, kommune og lokale aktørar. Vurdere plassering av skiltsystem, og evt erstatte med skiltsystem i cortenstål, jf. designmanualen. Flytte punktet til meir strategisk plass. Innhald: 1- Kart og generell info Reinheimen. 2- Tema villrein, ferdsel	20 000
10	Informasjonspunkt Tunga/Sjugurdgarden	Gjenbruk av trestativ for plakatar. Skifte ut innhald på tilsaman 4 plakater 1000x700 mm i aluminium, jf. designmanualen. Innhald: 1- Kart og generell info Reinheimen 2- Tema villrein, ferdsel	30 000
11	Informasjonstiltak Finndalen – Odden	Midlar til prosjektering/planlegging. Tenestekjøp mulighetsstudie? Lokale aktørar: Kommune, fjellstyre, Finndalen beite- og bruksrettslag, Finndalsvegen SA, Almenningsstyret, Statskog. Etablere arbeidsgruppe med lokale aktørar for å utarbeide tiltaksplan for Finndalen Ivo. Vurdere eksisterande informasjonspunkt og skilting gjennom dalen, på Klympen og på Brettingsmoen NR.	20 000
	SUM		1 000 000

Sekretariatet får fullmakt til å søkje om supplerande tildeling til avventande tiltak, dersom nødvendige avklaringar er på plass, og gjennomføring blir aktuelt i 2025.

Dersom det står att tiltaksmidlar på slutten av året, kan sekretariatet også i samråd med styreleiar omdisponere midlar til tiltak internt.

ST 20/2025 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - transport av garnkasse - Nysetra - Krokuttjønn - Geir Kornkveen

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 17.03.2025

Behandling

Eit samrøystes styre foreslo å utsette behandling av saka og sende den attende til sekretariatet.

Styret ber om at sekretariatet skaffar meir informasjon frå søkjar og om forholda kring Krokuttjønn for å få eit betre vedtaksgrunnlag.

Nasjonalparkstyret ber i tillegg om at vi får ei oversikt over fiskevatn utanom Skjåk almenning. Nasjonalparkstyret ber om ei heilskapleg vurdering av kva desse fiskevatna har som tolegrense på t.d. tal fiskekasser, og om det er andre omsyn som det må takast omsyn til.

Vedtak

Saka blir sendt attende til sekretariatet. Nasjonalparkstyret ber om at sekretariatet skaffar meir informasjon frå søkjar og om forholda kring Krokuttjønn for å få eit betre vedtaksgrunnlag.

Nasjonalparkstyret ber i tillegg om at vi får ei oversikt over fiskevatn utanom Skjåk almenning. Nasjonalparkstyret ber om ei heilskapleg vurdering av kva desse fiskevatna har som tolegrense på t.d. tal fiskekasser, og om det er andre omsyn som det må takast omsyn til.

ST 21/2025 Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - snødekt mark - oppretting av langrennstrase - Nysætri - Nordmo grendeutvalg

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 17.03.2025

Behandling

Innstillinga frå forvaltar vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Med heimel i verneforskrift for Lordalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3, k) og naturmangfaldlova § 48, får Nordmo grendeutvalg avslag på søknad om etablering og motorferdsel for oppkøyring av ny langrennsløype i Lordalen landskapsvernområde.

Etablering og oppkøyring av ny langrennsløype innover Lordalen vil kunne auke menneskjeleg aktivitet og ferdsel som vil kunne påverke villreinen i negativ retning. Tiltaket oppfyller ikkje vilkåra for å kunne gjera unntak frå vernereglane, og vil stride mot verneformålet og kan være til skade verneverdiane i området.

ST 22/2025 Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - 2029 - jervbås vidareføring og tilsyn - Marius Kornkveen

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 17.03.2025

Behandling

Innstillinga frå forvaltar vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Marius Kornkveen dispensasjon til å forlenge plassering ein jervbås ved Rusten seter innafor Lordalen landskapsvernområde, og til motorferdsel på snødekt mark for nødvendig tilsyn/melding om dyr i båsen, under lisensfelling på jerv.

Dispensasjon er gjevne med følgjande vilkår:

- Jervebåsen kan stå plassert 50 meter nordaust for seterkvea, som vist på kart i saksutgreiinga.
- Dispensasjon til plassering gjeld i samband med lisensfellingsperiodane f.o.m. 2025/2026 t.o.m. 2028/2029.
- Båsen skal fjernast frå verneområdet når den ikkje lenger er godkjent og kan nyttast under lisensjakta.

Dispensasjon til motorferdsel på snødekt mark blir gjevne med følgjande vilkår:

- Motorferdsel kan gjennomførast på snødekt mark i samband med lisensfelling, f.o.m. 2025/2026 t.o.m. 2027/2029.
- Dispensasjon gjeld for inntil 5 turar med ein snøscooter.
- Køyringa skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv.
- Transporten kan gjennomførast av tiltakshavar. Det er ikkje krav om bruk av kommunal leigekøyrar for tiltaket.
- Køyretrasé: Lordalsvegen til Rusten seter. Retur same veg.
- Seinast dagen før transporten skal Statens naturoppsyn (SNO) v/Thomas Rødstøl varslast på mobilnr.: 915 47 617.
- Dispensasjon skal takast med under transport, for framvising ved eventuell kontroll.
- Køyrerapport (vedlagd) skal fyllast ut og sendast nasjonalparkforvaltninga innan 5.juni kvart år.

Dispensasjon gjeld i høve vernereglar og naturmangfaldlova. Det er søker sitt ansvar å avklare tiltaket med grunneigar, og evt. andre myndigheiter.

ST 23/2025 Finndalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - 2030 - snødekt mark - tilsyn av jervbås - fylling på åte - Lauvlia - Arild Fallingen - Arild Svare

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 17.03.2025

Behandling

Innstillinga frå forvaltar vart samrøystes vedtek.

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, får Arild Svare og Arild Fallingen dispensasjon til å vidareføre plassering av jervbås i Lauvlia i Finndalen lvo, og til motorferdsel på snødekt mark for nødvendig tilsyn/ melding om dyr i båsen under lisensfelling av jerv.

Dispensasjon til plassering av jervbås er gjevne med følgjande vilkår:

- Jervbåsen kan stå plassert mellom Lauva og Klympen, ca 100 m sør for Finndalsvegen som vist på kart i saksutgreiinga.
- Dispensasjon til plassering gjeld i samband med lisensfelling av jerv f.o.m. 2025/2026 t.o.m. 2028/2029.
- Båsen skal fjernast frå verneområdet når den ikkje lenger er godkjent og kan nyttast under lisensjakta.

Dispensasjon til motorferdsel på snødekt mark blir gjevne med følgjande vilkår:

- Motorferdsel kan gjennomførast på snødekt mark i samband med lisensfelling av jerv f.o.m. 2025/2026 t.o.m. 2029/2029.
- Dispensasjon gjeld for inntil 5 turar med ein snøscooter.
- Køytinga skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv.
- Transporten kan gjennomførast av tiltakshavarane. Det er ikkje krav om bruk av kommunal leigekøyrar for tiltaket.
- Køyretrasé: frå vernegrensa ved Nordre Klomsrobekken langs Finndalsvegen til båsen i Lauvlie
- Seinast dagen før transporten skal Statens naturoppsyn (SNO) v/Per Olav Haugen varslast på mobilnr.: 970 57 213.
- Dispensasjon skal takast med under transport, for framvising ved eventuell kontroll.
- Køyrerapport (vedlagd) skal fyllast ut og sendast nasjonalparkforvaltninga innan 5.juni kvart år.

Dispensasjon gjeld i høve vernereglar og naturmangfaldlova. Det er søker sitt ansvar å avklare tiltaket med grunneigar, og evt. andre myndigheiter.

ST 24/2025 Romsdalen LVO - klage - avslag - 2024 - oppføring av telekommunikasjonsmast med tilhørende utstyrshytte - 70/2 - Lyse Tele AS

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 17.03.2025

Behandling

Innstilling frå forvaltar vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Med heimel i forvaltningslova § 33, tek Nasjonalparkstyret for Reinheimen ikkje klaga frå Lyse Tele AS til følgje.

Det er ingen nye moment i klaga som gir grunnlag for at Nasjonalparkstyret for Reinheimen skal endre på sitt vedtak i styresak 6/2025, om å gje avslag på oppføring av telekommunikasjonsmast med tilhøyrande hytte ved Skirimoen i Romsdalen lvo.

Klaga med alle saksdokument vert sendt miljødirektoratet for endeleg avgjerse.